

NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

15.03.2017

Søknad om konsesjon for bygging av Myklebust kraftverk

Myklebust Kraft planlegg å nytte vassfallet i Myklebustelva i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vannressursloven, lov av 24. november 2000, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Myklebust kraftverk.

II Etter energiloven, lov av 29. juni 1990, nr. 50, om løyve til:

- bygging og drift av Myklebust kraftverk
- bygging av tilhørende koplingsanlegg
- anleggskonesjon for 22/24 kV forbindelse til nærmeste 22/24kV line som går om lag 25 meter fra planlagd kraftstasjon.


Det søkast om tidsbegrensa konsesjon.

Kraftverket vil bli knytta til det eksisterande 22kV nettet som går gjennom Valldal, om lag 25 meter fra planlagd kraftstasjon.

Det opplysts at grunneigarane vil inngå avtale om fallretter og øvrige rettigheter til å gjennomføre prosjektet i eigen regi, og at selskapet Myklebust Kraft AS vil verte stifta og registrert då vedtaksgrunnlag for bygging foreligger.

Vedlagte utgreiing gjev opplysningar om tiltaket

Med vennleg helsing



Myklebust Kraft
Ved Olav Amund Myklebust
6210 Valldal
Olavamund.myklebust@gmail.com
90895110

MYKLEBUST KRAFTVERK

NORDDAL KOMMUNE

MØRE OG ROMSDAL FYLKE



SØKNAD OM KONSESJON

Samandrag

Myklebust kraftverk legg med dette fram planar om å etablere ny miljøvenleg kraftproduksjon ved å nytte avløpet frå eit felt på ca. 35 km² i eit opptil 145 meter høgt fall i Myklebustelva i Norddal kommune. Der planleggast å etablere eit Coanda inntak på kote 225, og ein stasjon på kote 80. Installasjonen vil være på 970 kW med ein estimert middel årsproduksjon på om lag 6,55 GWh, forutsatt minsteslipp på henholdsvis 600 l/s og 172 l/s sommar og vinter. Av middel årsproduksjon på 6,55 GWh vil der være 3,55 GWh sommarkraft, og 3,0 GWh vinterkraft.

Det planlagde tiltaket vil føre til at vassføringa i elva frå Høgsetfonna til Valldøla, ei elvestrekning på om lag 2100 meter, vil bli noko redusert. Av årleg middelvassføring på 1,873 m³/s vil slukeevna på 0,92 m³/s gje ei restvassføring på om lag 51%. Om vinteren vil minsteslipp og overløp ivareta krav til vassføring. Om sommaren er middelvassføringa målt til 3,92 m³/s, og vassføringa i elvestrekninga vil då verte på 3,0 m³/s. Minstevassføring er satt til 0,600 m³/s om sommaren og 0,172 m³/s om vinteren.

Der vert etablert eit nytt coanda inntak nedanfor Høgsetfonna. Røyrgata vert om lag 2000 meter lang, og vil gå langsmed veg og lysløyper. Røyret vert nedgrave, og der forventast revegtering av traseen i løpet av få år. Røyrgatetraseen samanfaller med eksisterande lysløyper, og bidreg dermed til å betre friluftslivsaktivitetene i området.

Prosjektområdet har seterveger på både side av elva, noko lauv og barskog, og med eit landskap som er kuppert og i eit smalt dalføre. Prosjektområdet rører ikkje ved nokon av dei tidlegare registrerte verneverdiane, og røyrgata gjeng utenom dagens nyare kulturminne. Området er attraktivt turisme og friluftslivområde, med setrar og fritidsbustader.

Fossesprøytsone om lag ved kote 150 er gitt ein C-verdi, og er vurdert til å ikkje ha særleg store verdiar når det gjeld naturtypar, og medfører liten negativ verknad for naturtypen fossesprøytsone.

Myklebustelva er bratt og med ein raskt straumande vasshastigkeit. Bunnsubstratet er grovt og prega av massetransport. Der er dårlige

habitatkvalitetar for fisk, og laks er ikkje påvist i elva. Der er lokal elveaure, og sjøaure antakast kan vandre opp til fossen ved kote 150.

Myklebust kraftverk kan bidra til at gyteforhold og oppvekstvilkår for ungfisk vert betra, ved at vasshastigheten vert noko redusert.

Eit viktig avbøtande tiltak er å bygge inntaket med tilpasning til omkringliggende miljø. Inntaksområdet bidreg til å utvide lysløyper og turvegar i området, og kan bidra til å gjere området meir attraktivt i turismeøyemed. Kraftstasjonbygning designast i tråd med omkringliggende bustadar, og parkeringsplass tilretteleggjast med benkar og informasjonstavle.

Hovuddata:

Møre og Romsdal fylke

Norddal kommune

Myklebustelva 100.AZ

Nedbørssfelt	35 km ²
Inntak kote	225 moh
Avløp kote	80 moh
Slukeevne	0,92 m ³ /s
Installert effekt	0,970 MW
Årleg energiproduksjon	6,55 GWh
Utbyggingskostnad	3,68 NOK/kWh

Innhold

1 Innleiing.....	5
1.1 Om søkjaren.....	5
1.3 Geografisk plassering av tiltaket.....	5
1.4 Skildring av området.....	5
1.5 Eksisterande inngrep.....	6
1.6 Samanlikning med nærliggende vassdrag	6
2.1 Hovuddata	9
2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet.....	10
2.3 Kostnadsoverslag	15
2.4 Fordeler og ulemper ved tiltaket.....	15
2.5 Arealbruk og eigedomsforhold	16
2.6 Tilhøvet til offentlige planar og nasjonale føringar	18
3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn	19
3.1 Hydrologi.....	19
3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	19
3.3 Grunnvatn	20
3.4 Ras, flaum og erosjon	20
3.5 Artsmangfold og raudlisteartar.....	20
3.6 Terrestrisk miljø / biologisk mangfald.....	21
3.7 Akvatisk miljø	21
3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag.....	22
3.9 Landskap og inngrepsfrie naturområde (SNUP).....	22
3.10 Kulturminne og kulturmiljø	24
3.11 Reindrift	24
3.12 Jord- og skogressursar	24
3.13 Ferskvassressursar	24
3.14 Brukarinteresser	24
3.15 Samfunnsmessige verknadar	25
3.16 Kraftliner.....	25
3.17 Dam og trykkrør.....	25
3.18 Ev. alternative utbyggingsløysingar	25
3.19 Samla vurdering	26
3.20 Samla belastning	26
4 Avbøtande tiltak.....	26
4.1 andre moglege tiltak	28
5 Referansar og grunnlagsdata.....	29
6 Vedlegg.....	30

Fra: Thore Gagnat <Thore.Gagnat@Morenett.no> Dato: 3. mars 2017 kl. 12.52.43 CET
Til: Stian <stianhoihjelle@hotmail.com> Emne: SV: Myklebust kraftverk..... 105

1 Innleiing

1.1 Om sokjaren

Tiltakshavar for Myklebust kraftverk er eit samarbeid mellom grunneigarane ved Myklebustvassdraget i Valldal. Grunneigarane vert representert ved Olav Amund Myklebust, telefon 90895110.

Grunneigarane har einast i å avklare fallrettigheter ved Jordskifteretten, og deretter ein felles fallrettsavtale meint for vasskraftutbygging. Der vil såleis ikkje føreligge uavklarte eigedomsrettar omkring initiativet. Myklebust Kraftverk vil sjølve stå ansvarlege for utbygginga av kraftverket.

Myklebust Kraft vil ha sete i 6210 Valldal i Norddal kommune i Møre og Romsdal.

1.2 Grunngjeving for tiltaket

Grunneigarane ved Myklebustvassdraget har einast i å nytte meir av dei potensielle naturressursane langs vassdraget. Områda ved Valldalssætra og Omnossætra er tilrettelagt for hytteutbygging, skiløyper gjeng oppover mot Omnossætra, og dei næringsrike bakkane ved Valldalsbotnen har vorte vurdert dyrka opp og nytta til jordbærproduksjon.

Valldal Naturopplevingar stiller seg positiv til initiativet, og der forventast at elva vert betre tilgjengeleggjort for elvepadling og liknande aktivitetar, spesielt om sommaren – då vasstanden i periodar kan være for høg til sportsaktivitetar. Den produserte energien frå kraftverket skal forsyne den lokale kraftnettet, og bidra til å sikre kraft til lokale bustadeiningar og eksisterande og framtidig småskala industri.

Norddal kommune gjennomførte i perioden januar 2012 til mai 2015 prosjektet Småkraftsatsinga, der målsettinga er å etablere fleire nye vasskraftverk i kommunen. Kommunen er såleis positiv til kraftverksinitiativ, og kommunen vektlegg at der skal gjerast grundige naturundersøkingar og landskapstilpassingar ved eventuell kraftverksutbygging.

I følgje vann-nett.no så er der ingen informasjon om tidlegare vurderingar etter vassressursloven. Der påpekast likevel at der takast ut 30000 m³ vatn til drikkevassforsyning.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket


Myklebustelva er ei sideelv til Valldøla 100.1. Myklebustelva kjem ned frå området mellom fjella Berlifjellet, Storhornet, Svartfjellet og Myklebusthornet, og vandrar ned gjennom to dalar, Fremstebotnen og Taskedalen, og møter Valldøla eit stykke nedanfor Omenosen, om lag 9 kilometer frå Valldal sentrum i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke.

Tiltaket er tenkt plassert mellom kote 225 og 80, og vil krysse fylkesveg 63.

Oversiktskart 1:50 000 er vedlegg 1, og situasjonskart/planskisser i 1:5000 og 1:1000 er vedlegg 2 a-c.

1.4 Skildring av området

Nedre del av Myklebustelva er forbygd både ovanfor og nedanfor fylkesveg 63. ovanfor veggen gjeng elva mellom bygg og idrettsanlegg. Der er veg på begge sider av elva opp gjennom heile dalen, og der er sætrer på begge sider. Der er ein del skog, granskog på begge sider av vassdraget, elles ingen særskilte plantearter. I øvre delar av vassdraget beitar husdyr/småfe.



Figur 1.4.1 Valldøla i nedre hogre biletetak. Bilete teken i mai 2013.

1.5 Eksisterande inngrep

Myklebustelva blir kryssa av fylkesveg 63. Der er veg på både side av vassdraget over heile prosjektområdet. Ved tenkt inntak er der sætrer ovanfor begge sider av elva. Terrenget bærer preg av tungt beite og landbruk, men står i fare for å gro att.

Ved stasjonsområdet er der veg like med, og vi finn Brautabrua nedanfor. Området ligg innanfor verneområdet til Valldøla.

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Myklebustelvas nedbørsfelt er ein del av nedbørsfelta til Valldøla, og er dermed ikkje skilja ut som eige nedbørsfelt. Myklebustelvas nedbørsfelt er spesifisert gjennom NVE's Lavvannsapplikasjon.

Prosjektområdet ligg på ei nord-sør akse, og snø ligg lenge utover året. Der er mange små høgfjellsvatn, og fleire sidedalar og mindre sideelver. Prosjektområdet kan sjåast på som ein mindre versjon av Valldølavassdraget. Det kan være hensiktsmessig å nytte skalerte vassmålingsdata frå Valldøla (Alstad) til å beregne hydrologi for Myklebustelva.

Om lag 2 kilometer aust for det planlagde tiltaket ligg Hoelsfossen kraftverk.




Figur 1.1. Oversiktskart av området Myklebustvassdraget i Valldal. Prosjektområdet er ringa inn.

Det er i den pakken som Fossheim kraft er ein del av, er det søkt om 8 konsesjonar. Valldal 4, Tafjord 1, Eidsdal 1, og Norddal 2. Oversikt over utbygd og ikkje utbygd vasskraft er vist i fig. 1.1b. Omsøkte men ikkje avgjorte konsesjonar er merka med raudt. Sjølv om 8 konsesjonar kan verke mykje vert det likevel små inngrep i høve til dei store områda det gjeld.

Rådgivende Biologer AS har gjeve ei samla vurdering av småkraftpakke Norddal kommune, sjå vedlegg.

Kartutsnitt: Utbygd og ikke utbygd vannkraft



Figur 1.6.1 Oversikt over utbygd og omsøkt utbygd vasskraft i området. Kilde NVE

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hovuddata

Tabell 2.1. Oversikt, hovuddata for kraftverket

Myklebust kraftverk, hovuddata		
	Eining	Kote 225
TILSIG		
Nedbørfelt*	km ²	35
Årleg tilsig til inntaket (Lavvann)	mill.m ³	59,27
Årleg tilsig til inntaket (Måleverdiar)	mill.m ³	63,75
Spesifikk avrenning (Lavvann)	l/s/km ²	53,7
Middelvassføring (Lavvann)	m ³ /s	1,873
Middelvassføring (måleverdiar)	m ³ /s	2,080
Middelvassføring sommar (måleverdiar)	m ³ /s	3,917
Middelvassføring vinter (måleverdiar)	m ³ /s	0,761
Alminnelig lågvassføring	m ³ /s	0,210
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,600
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,172
Restvassføring**	m ³ /s	0,055
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	225
Magasinvolum	m ³	20
Avløp	moh.	80
Lengde på råka elvestrekning	m	2100
Brutto fallhøgd	m	145
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,331
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,920
Slukeevne, min	m ³ /s	0,050
Planlagt minstevassføring, sommar	m ³ /s	0,600
Planlagt minstevassføring, vinter	m ³ /s	0,172
Tilløpsrør, diameter	mm.	800
Tilløpsrør, lengde	m	2000
Vasshastighet tilløpsrør	m/s	1,83
Installert effekt, maks	kW	970
Brukstid	timar	7000
REGULERINGSMAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0
HRV	moh.	0
LRV	moh.	0
Naturhestekrefter	nat..hk	0
PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,00
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,55
Produksjon, årleg middel	GWh	6,55

ØKONOMI		
Utbyggingskostnad (år)	mill. kr	24,1
Utbyggingspris (år)	Kr/kWh	3,68

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket.

**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Tabell 2.2. Oversikt, hovuddata for det elektriske anlegget

Myklebust kraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		Kote 225
Yting	KVA	1250
Spennin	kV	0,415
TRANSFORMATOR		
Yting	KVA	1600
Omsetning	kV/kV	0,415/22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	50
Nominell spenning	kV	22
Luftline el. jordkabel		kabel i jord

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Det synast til kart og bilete i henholdsvis vedlegg 0, 1og 2.

Myklebust kraftverk vil nytte avlopet frå Myklebustelva i eit opptil 145 meter høgt fall mellom kote 225 og 80. Utbygginga vil ikkje medføre regulering av vasstand i magasin, da der planleggast å nytte eit Coanda inntak i elv. Der etablerast eit inntak ved å bygge eit Coanda inntak i stål og betong, og dette vil være opptil 15 meter lang og 2 meter høgt. Nedanfor inntaket vil vassvegen bestå av eit nedgravd røyr med diameter 0,8 meter, og lengde opptil 2000 meter. Kraftstasjonen plasserast nedanfor Fylkesveg 63, nær Brautabrua. Avlopet blir ført i om lag 10 meter lang kanal tilbake til Myklebustelva.

Fra stasjonen må der etablerast ei luftlinje eller kabel på om lag 25 meters lengde til nærmeste 22 kV kraftlinje ved stasjonen.


2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av kraftverket)

Myklebustelva har ved planlagt inntak ved Myklebustsætra eit nedbørsfelt på 35 km². Middel vassføring ved same sted i perioden 1961 – 1990 er 1,873 m³/s. Skalerte måledata frå Alstad gjev ei middel vassføring på 2,080 m³/s.


Feltet inneheld hovudsakleg snaufjell (70,9 %), ein del skog (17,6 %), sjø (3,5 %) og bre (4,9 %). Der er mange små vatn i nedbørsfeltet. Frå inntaket og ned til stasjonsområdet er der myr og blanda skog, med stort innslag av gran.

Alminnelig lågvassføring ved inntaket er berekna til $0,210 \text{ m}^3/\text{s}$. Vassføringa som overskridet 95 % av tida om sommaren (1.5 – 30.9) er $0,600 \text{ m}^3/\text{s}$ (data 1961 – 1990). Det tilsvarende talet for vinteren er $0,172 \text{ m}^3/\text{s}$.

Der vert tilrådd ei minstevassføring på $0,600 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren, og $0,172 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren.



Figur 2.2.1.A. Plott som syner variasjonar i avrenning i Myklebustelva frå år til år



Figur 2.2.1.B. Plott som syner mini, middel og minstevasslepp (døgndata).

NVE's data frå NVE Lavvannsapplikasjon for perioden 1961 – 1990 er nytta som grunnlag for berekning av spesifikk avrenning for feltet.

I Myklebustelva er der ikkje utført vassmåling tidlegare. Der er ikkje mange andre måleseriar frå små felt å velge i nærområdet. VM 100.1.0 Alstad i Valldøla har ein 28 års serie, men dette er eit felt på heile 209 km², har mykje høgfjell og ein viss effektiv sjøprosent og er arealjustert til å representera feltet til Myklebustelva.

Denne arealjusterte måleserien vert nytta vidare i arbeidet med hydrologisk grunnlag for Myklebustelva.

2.2.2 Overføringer


Tiltaket medfører ingen overføringer.

2.2.3 Regularingsmagasin

Prosjektet er ikkje planlagt med regularingsmagasin, slik at effektkøyring ikkje blir mogleg. Der er i staden planlagt nytta Coanda-inntak med lav damhøgde og lite vatn oppdemt. Coandainntaket mogglegjer kontinuerleg overrenning. Minstevassføring vert sikra ved gjennomløpsrøyr med måleutstyr.

2.2.4 Inntak

Inntak plasserast i juv på kote 225 i Myklebustelva som eit moderne og sjølvreinskande Coanda-inntak på om lag 15 meters bredde og om lag 2 meter høg. Vassbassenget vil strekke seg om lag 28 meter, og oppdemt areal vil utgjere om lag 275 kvadratmeter.



Figur 2.2.4.1 Plassering av inntaksområde.

Coanda inntaksillustrasjon



Figur 2.2.4.2 Illustrasjon av inntaksområde

2.2.5 Vassveg

Røyrgate

Utvæld rørtrase ligg på austsida av elva.

Frå inntaket nedanfor Høgsetfonna vert driftsvatnet ført ned til kraftstasjonen gjennom ei nedgravd røyrgate med diameter 800 millimeter, i om lag 2000 meters lengde. Røyrgatetraseen vert om lag 5 – 6 meter bred. Frå inntaket vil der verte laga ei ny grøft i om lag 760 meters lengde, ned til dagens seterveg og lysløype nedanfor Kreksethaugen. Derifrå og ned til Omenåsen vil røyrgata følgje lysløypa.

Ny røyrgatetrase kan forlenge dagens lysløype med 760 meter, og dermed gjøre området meir attraktivt til friluftsformål.

Noko sprenging av fjell kan verte naudsynt. Eksisterande granskog vil fjernast i traseområdet, og naturlig tilhøyrande lauvskog vil vekse til i området etter anleggsperioden.

2.2.6 Kraftstasjon

Kraftstasjonen blir liggande på ei slette like attmed utløpet til Valldøla, aust for Brautabrua. Turbinsenter vert omrent på kote 80. I kraftstasjonen installerast der ein Peltonturbin med effekt på 970 kW. Ved ein fallhøgde på brutto 145 meter får turbinen ei maksimal slukeevne på ca. $0,920 \text{ m}^3/\text{s}$.

På austsida av elva, er der i dag traktorveg og opparbeid plass, og området er lett tilgjengeleg.

Der installerast ein vasskjølt generator med yting om lag 1250 KVA, og ei generatorspenning på 415 Volt. Transformatoren får yting 1600 KVA, og ein omsetjing på 0,415/22 kV.

Bygningen vil bli oppført med hjelp av støydempande material, og opningar vil bli utstyrt med lydfeller av omsyn til ferdsel, vgar og bustader i området. Stasjonsarealet vert om lag 3 dekar (3000 kvadratmeter).



Figur 2.2.6.1 Illustrasjon av tenkt stasjonsområde

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket

Kraftverket vert kjørt med jann vasstand i inntaket og vil nytte tilsiget i elva til ei kvar tid utan noko form for utjamning eller regulering. Effektkøring er ikkje aktuelt.

I tørre periodar kan stopp av kraftverket vere naudsynt.

2.2.8 Vegbygging

Stasjonsområde

Stasjonsbygningen er planlagt plassert på slette aust for elva og Brautabrua, om lag 200 meter nedanfor FV63. Der er i dag ein avkjørsel frå FV63, og ned på sletta. Denne vert utbetra og forlenga i heile lengda.ca 5 meter total bredd, og om lag 200 meter lengd.

Inntak

Over røyrgatetraseen, frå dagens grusveg, vert der ein ny veg på om lag 760 meters lengd. Denne vegen kan nyttast som tursti og lysløype. Total bredde om lag 5 – 6 meter.

2.2.9 Massetak og deponi

Masse som takast ut nyttast til forbetrer dagens lysløyper i området, og til å opparbeide stasjonsområdet aust for elva. Toppmasse frå røyrgatetraseen vert lagt tilbake lokalt og får etterkvart naturleg tilvekst.

2.2.10 Nett tilknyting (kraftliner/kablar)

Der går i dag ei 22 kV kraftlinje om lag 25 meter sør for planlagt stasjonsområde. Der planleggast å legge kabel frå stasjonsbygningen til tilknyting til denne linja.

Mørenett er områdekonsesjonær, og det eksisterande distribusjonsnettet består av 22 kV luftlinjer.

Mørenett er villige til å bygge og driftet høgspenningsanlegget, men Myklebust Kraftverk vil søker om anleggskonsesjon. Tilkoplingspunkt mellom Mørenett og Myklebust kraftverk vert truleg i mast 28, 29 eller 30.

Mørenett tilrår at Myklebust kraftverk søker om anleggskonsesjon.

2.3 Kostnadsoverslag

Myklebust kraftverk	mill. NOK
Reguleringsanlegg	0
Overføringsanlegg	0
Inntak/dam	2,0
Driftsvassvegar, vegrar og opparbeiding	11,5
Kraftstasjon, bygg	3,2
Kraftstasjon, maskin og elektro (helst skild)	3,6
Kraftline	0,2
Transportanlegg anna	0,4
Diverse tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,4
Uventa	1,0
Planlegging/administrasjon	1,0
Finansieringsutgifter og avrunding	0,3
Anleggsbidrag	0,5
Eigen innsats frå grunncticigarar (vegar, skog, planting)	0
Sum utbyggingskostnader	24,1

Budsjett er gitt med utgangspunkt i NVE/Sweco cost base analyse med konsumprisjusterte prisar frå 2010 nivå, samt innhenta budsjett-tilbod frå utanlandske leverandørar. Prisane er justerte til dagens nivå.

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftverket vil gi fordelar som vist i tabellen under.

PRODUKSJON		Kote 225
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,00
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,55
Produksjon, årleg middel	GWh	6,55

Utbygginga vil gje små tilleggsinntekter til eigarane av kraftverket. Det forventas at ein god del av oppgåvene i forbindelse med anleggsverksamheita ved bygging av kraftverket vil verte utført av lokale bedrifter. Noko av investeringane vil da også tilfalle Norddal kommune gjennom ordinære skatteinntekter både i bygge- og driftsfasen. Utbygginga vil bidra til økt fornybar energi lokalt i Møre og Romsdal, og vil samstundes bidra til å oppfylle Noregs mål om meir fornybar energi. Utbygginga kan og betre den lokale drikkevasstilgangen, då inntaket også kan fungere som drikkevassinntak. Uttak til drikkevassformål kan skje i stasjonsbygninga, der både drikkevatn og brannvatn-beredskapen kan verte styrka.

Ulemper

Tiltaket vurderast samla sett å ha små, om nokon negative konsekvensar, ref. Holtan.

2.5 Arealbruk og egedomsforhold

Arealbruk

Tabellen under syner ei oversikt over arealbruken.

Inngrep	Mellombels arealbehov (daa)	Permanent arealbehov (daa)	Ev. merknadar
Reguleringsmagasin	0	0	
Overføring	0	0	
Inntaksområde	0,5	0,5	
Røyrgate (vassveg)	6	6,0	Samanfaller med veg og lysløyper
Riggområde og sedimenteringsbasseng	3	0	
Vegar	6,0	6,0	
Kraftstasjonsområde	0	3	
Massetak/deponi	3	0	
Nettilknyting	0,1	0,1	
Sum areal	18,6	15,6	

Arealbruk




Figure 2.5.1 Arealbruk, Trase på austsida er foretrukket.

Eigendomsforhold

Namn	Adresse	Gnr/bnr	e-post	Telefon
Knut Ove Myklebust	6210 Valldal	9/1	Ama-sund@online.no	47613832
Tormod Dalebø	6210 Valldal	9/2	Tormod_dalebo@hotmail.com	91583230
Johan Myklebust	6210 Valldal	9/4	johanmyklebust@gmail.com	41543392
Håkon Myklebust	6210 Valldal	9/3	Haakon-my@online.no	40214599
Gunnar Grønmo	6210 Valldal	9/6	ggronmo@gmail.com	97617716
Kaia Krågebakk	0591 OSLO	9/8, 10/12	kaia@krågebakk.no	90101143
Geir Sylte	6210 Valldal	10/1	Geir.sylte@hotmail.com	90173265
Øyvind Hoel	6210 Valldal	10/3	Ome-sag@hotmail.com">Ome-sag@hotmail.com	90896540
Halvard Omenås	6210 Valldal	10/2	hallvard@v-h.no	41613381
Svein Martin Andersen	6210 Valldal	10/4	svein@remseth-maskin.no	90928942
Stian Høihjelle	6210 Valldal	10/5	stianhoihjelle@hotmail.com	92606859

Ola Omenås	0885 OSLO	10/8	olaome@gmail.com	99247764
Børre Torsvik	6016 Ålesund	10/9	btorsvik@online.no	
Ruth Nilson	6030 Langevåg	10/11	Kjell.frode.ramstad@gmail.com	91159988

Grunneigarane har inngått intensjonsavtale om samarbeid om utbygging og drift av Myklebust kraftverk.

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringer

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Der er ikkje utarbeid eigne planar for småkraftverk i kommunen.

Kommuneplanar

Prosjektområdet er LNF-område og drikkevassområde.

Samla plan for vassdrag (SP)

Myklebustelva er ikkje omfatta av Samla Plan for vassdrag. Utbygging av Myklebustelva trenger ingen sjølvstendig avklaring i forhold til Samla Plan, sidan installasjonen skal vere mindre enn 10 MW.

Verneplan for vassdrag

Myklebustelva er ei sideelv til Valldøla, og er primært verna mot kraftutbygging. Tiltaket held seg innanfor tilrådd praksis for kraftverkstiltak i verna vassdrag. Avrenning til Myklebustelva kjem delvis frå areal medrekna i Reinheimen nasjonalpark, men nasjonalparken vert ikkje rørt av utbygginga.

Nasjonale laksevassdrag

Valldøla er ikkje eit laksevassdrag, men laks og aure vandrar opp til bekken ved stasjonsområdet. Det planlagde tiltaket vil dermed ikkje ha direkte påverknad på laks eller aure.

Ev. andre planar eller beskytta område

Verken inntaks- eller stasjonsområdet rører ved INON område. Bortfallsrapport er synt i vedlegg 6.

Der er ikkje påvist kulturminner innanfor prosjektområdet.

EUs vassdirektiv

Myklebustelva er ikkje spesifikt omtala i vann-nett.nve.no

Valldøla er omtala som med risiko, og dårlig for fisk, med middels påverknadsgrad på biologi, forureining og fysiske inngrep.

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

3.1 Hydrologi

Alle betraktningar i omtalen nedanfor gjelder inntaksstaden.

Kraftverket er dimensjonert for maks slukeevne lik 49,1 % av årlig middelvassføring (Lavvann).

Kraftverkets slukeevne blir da $0,92 \text{ m}^3/\text{s}$. Dagens middelvassføring er berekna til $1,873 \text{ m}^3/\text{s}$ etter Lavvannsapplikasjonen. Skalerte måleverdiar tilseier ei middelvassføring på $2,080 \text{ m}^3/\text{s}$.

Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til $0,210 \text{ m}^3/\text{s}$. Vassføring med varighet 95 % om sommaren (1.5. – 30.9.) er $0,600 \text{ m}^3/\text{s}$ (basert på data frå 1961 – 1990). Det tilsvarende talet for vinterhalvåret er $0,172 \text{ m}^3/\text{s}$. Dagens naturlige avrenning frå restfeltet (feltet mellom inntak og utløp) er $0,144 \text{ m}^3/\text{s}$.

På årsbasis vil om lag 23,8 % av vassmengda kunne nyttast til kraftproduksjon, medan 76,2 % vert sleppt forbi inntaket på grunn av flomtap, lågvasstag og slepp av minstevassføring. Middel restvassføring rett nedanfor inntaket sommartid vil være $3 \text{ m}^3/\text{s}$, og vinterstid $0,172 \text{ m}^3/\text{s}$. Middel restvassføring ovanfor stasjonen, medrekna tilsiget frå restfeltet vil om vinteren være $0,172 – 0,316 \text{ m}^3/\text{s}$.

Tabell 3.1.1. Tal dagar med vassføring større enn maksimal slukeevne og mindre enn minste slukeevne tillagt planlagt minstevassføring i utvalde år.

	Tort år 2010	Middels år 2002	Vått år 2005
Tal dagar med vassføring > maksimal slukeevne	137	177	227
Tal dagar med vassføring < planlagt minstevassføring + minste slukeevne	103	31	2

Varigheitskurver for feltet ved inntak synes i vedlegg 3.

For å syne endringar i vassføringsforholda i Myklebustelva er der vald ut eitt referansested i elva, ved dagens vassinntak, om lag 440 meter nedanfor planlagt coandainntak. Dette synast i vedlegg 5.

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Vasstemperaturen i Myklebustelva forventast ikkje å bli merkbart endra verken i sommar eller vinterperioden. Vasstemperaturen på vatn som kjem ut av kraftstasjonen vil ikkje vere så varmt som for utbygging på grunn av redusert oppvarming ved fall gjennom nedgravd rørgate. Luft eller soloppvarming vil ikkje gje bidrag mellom inntaket og kraftstasjonen.

Vassføring ut i Valldøla vil bli akkurat som før, og utløpet av Myklebustelva til Valldøla vil vere på same plass som før.

Lokalmiljøet langs elva vil bli noko mindre fuktig i periodar som følgje av tiltaket. Dette gjelder i middels tørre periodar. Ved lave vassføringer og i flaumperiodar vil der enten vere slepp av minstevassføring, eller gå overlop over Coanda-inntaket. Lokalmiljøet i Valldøla vil ikkje bli endra.

Konsekvensen for vasstemperatur, isforhold og lokalmiljø vil bli ubetydelige.

3.3 Grunnvatn

Der er bora fire brønnar ved nedre delar av Myklebustelva, i samsvar med nasjonal grunnvassdatabase GRANADA. Det planlagde tiltaket forventas å ikkje påverke eventuelle grunnvassførekomstar i området.

Konsekvensen for grunnvatn vil bli ubetydelege.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Vassdraget er raskt strømmande i prosjektområdet. Grunnen rundt elveløpet består av relativ næringsfattig berggrunn og lausmasse frå ei moreneavsetning. Der er ingen vesentleg erosjon på den rørte strekninga, og erosjon vil ikkje bli påverka av tiltaket. Med ei slukeevne på 49,1 % av middel vassføring ($1,873 \text{ m}^3/\text{s}$) vil tiltaket ha liten innverknad på storleiken av store flommar. Skalerte måledata synar største flom i løpet av 28 år til 20 kubikkmeter i sekundet. Gjennomsnittet av dei 100 største vassføringane i måleperioden ligg på 10 kubikkmeter i sekundet.

Konsekvensen for ras, flaum og erosjon vil bli små negative.

3.5 Artsmangfold og raudlisteartar

Karplantefloraen er middels artsrik i hele undersøkelsesområdet. Noen vanlige arter, som gjerne har et tyngdepunkt i høgstaudesamfunn og rikere sig inntil elva er fjellistel, gulsildre, sumphaukeskjegg og svarttopp. Andre relevante arter er kvitsoleie, skogstjerneblom og tyrihjelm. Disse er alle vanlige og vidt utbredte nasjonalt. Det ble ikke funnet spesielt sjeldne arter.

Lav- og mosefloraen er i hovedsak trivial, særlig lavfloraen (så vidt med funn av skrubbenever eksempelvis), med fleinljåmose, sprikesleivmose og stridfauskmosse som middels interessante arter. Skogen langs elva er for det meste nokså glissen, dels fuktig, med bjørk, gråor og dels osp som dominanter, samt småbregneskog med innslag av kravfulle lågurter som teiebær og liljekonvall. Vegetasjonene er sterkt preget av bruk, og der er sau på beite i utmarka.

Det er lavt potensial for sjeldne eller rødlistede arter sopparter, grunnet mangel på egnede substrattyper som forekomst av kravfulle edellauvtrær samt rike lågurtsamfunn som ofte forekommer sammen med slike. Det er heller ikke store forventninger i forhold til å finne sjeldne, vedboende arter, da det er mangel på kontinuitet for død ved.

Av fugl ble i hovedsak relativt vidt utbredte og vanlige arter påvist, hvor fossekall er den eneste som er knyttet til selve vassdraget.

Det er ikke kjent at denne delen av vassdraget skal ha spesiell betydning for interessante pattedyrarter, men det antas at oter (rødlistet VU) er en gjest i nedre del elva, mest utenfor utbyggings- eller influensområdet.

Der er anadromt vandringshinder omtrent ved kote 150, med ein 10 meter høg foss. Den berørte elvestrekningen har *ikke* anadrom laksefisk. Undersøkelser fra 19. september 2016 synte at der var ingen andre fiskearter enn aure. Der vart ikkje fanga laks, noko som antyder at laks ikkje nyttar Myklebustelva til gyting og oppvekst.

Utbygging av Myklebust kraftverk vil ikkje medføre inngrep i verdifulle naturtyper.

Middels verdi og liten negativ virkning gir liten til middels negativ konsekvens (-/-) for naturtyper.

Det visast til miljørappartene for utdjuping av fagtemaet.

3.6 Terrestrisk miljø / biologisk mangfold

Undersøkelsesområda ligger ca. 6,2 km nordaust for kommunesenteret Sylte i Norddal kommune i Møre og Romsdal fylke. Området ved nedre delar av Myklebustelva er dominert av rik sørboreal blandingsskog. Skogen er klassifisert som svært viktig. Lenger opp i dalføret er der store hogstmodne granplantasjar.

Vegetasjonstypane er i hovudsak småbregneskog, med innslag av blåbærskog og spreidde høgstaudar. Der er funne treslag som alm, bjørk, gran, gråor, hassel, hegg, hengjebjørk, osp, platanløn, rogn og selje. Både for alm, hassel, hengjebjørk og osp er der døme på grove dimensjonar.

Der går skogsbilvegar inn i området, på både sider av elva, og tidlegare har der vore kontinuitet i beiting. Der går beitande sau i dag. Enkelte almetre har vorte styvde tidlegare. Samla sett stend skogen likevel fram som eit av dei finaste gammelskogsmiljøa inne i Valldalen.

Gran og platanlønn er framande artar i området, og anbefalast fjerna.

Der er eit bra mangfold i plantar i området, der enghumleblom, firblad, hengjeaks, lækjeveronika markjordbær, myske, skogfiol, skogburkne, skogsosalat, skogsnelle, skogtjerneblom, skogsvinerot, sumphaukeskjegg og tyrihjelm kan nemnast. Vegetasjon er dominerande i heile denne delen av dalføret og i store deler av kommunen for øvrig. (jf. Holtan 2011)

Det visast til miljørapporten for utdjuping av fagtemaet.

3.7 Akvatisk miljø

I Myklebustelva vart det ikkje påvist laks under elektrofiske den 19. september 2016, og nokon av aureungene som vart fanga var truleg avkom etter stasjonær elveaure. Der vart ikkje fanga andre artar enn aure, noko som antydar at laks ikkje nyttar Myklebustelva til gyting og oppvekst. Lite til ingen laks i Myklebustelva gjer elva til eit område med lite konkurranse, og den kan da vere viktig for aureproduksjon, då sjøaure.

Elva er bratt og stri, med høg straumfart, noko som bidreg til lav tetthet av ungfish i elva. Redusert sommarvassføring medfører lågere vannhastigheit og betre oppvekstforhold for ungfish, uavhengig om det er anadrom eller elvestasjonær aure.

Ål eller musling er ikkje funne i Myklebustelva.

Planlagt minstevassføring tilseier liten eller ingen negativ konsekvens for anadrom fisk. Det er ikkje foreslått installert omløpsventil i Myklebust kraftverk.

Middels verdi og ingen negativ virkning gir ubetydeleg til liten negativ konsekvens (0/-) for akvatisk miljø.

Det visast til miljørapporten for utdjuping av fagtemaet.

3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Valldøla med sideelver er ikkje eit Nasjonalt laksevassdrag. Valldøla er verna mot kraftutbygging sidan 6. april 1973, i Verneplan I for vassdrag.

Verneverdiane legg vekt på vassdragets kvalitetar innan prosesser og former skapt av is og vatn, biologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturminner. Kvalitetane og verdiane er beskrevet i VVV-rapport 2001-46, Verdiar i Valldøla.

Kraftverket er planlagt plassert helt nedst i Myklebustelva, og det er dermed ingen elvestrekning som blir påverka av raske vasstandsreduksjonar ved utfall i stasjonen. I Valldøla vil det vere en så stor vassføring at raske endringar frå kraftverket i Myklebustelva ikkje vil påverke vassdekninga i denne delen av vassdraget.

Myklebustelva nyttast om sommaren til kajakkpadling, og utbygginga ønskes velkommen då den kan bidra til å jamne ut vassføringa og redusere flaumvassføring.


Myklebustelva er lite synleg i landskapsbiletet, og der er ingen automatisk freda kulturminner i området.

Tiltaket held seg innanfor tilrådd praksis for kraftverkstiltak i verna vassdrag.

3.9 Landskap og inngrepssfrie naturområde (SNUP)

Inntaksområdet rører ikkje SNUP område (Samanhengande Naturområder med Urørt Preg).

Myklebustelva renn på den aktuelle strekninga gjennom eit dalføre med sterkt kulturpåverknad. Nedst i dalen er det gardar i aktiv drift, bustadfelt og idrettsanlegg. Der går ei lysløype på austsida av elva, og der er bilvegar på både side av elva. Vegane gjeng opp til fleire setrer og fritidsbustadar. Vegetasjonen er sterkt prega av tidlegare bruk, og der er fortsatt sau på beite i utmarka. Det er også mye plantefelt av gran inntil elva, og en del av dette er hogd ut.



Figur 3.9.1 Flyfoto av utbyggingsområdet. Valldøla nedst i biletet, idrettsplass lett synleg.

Elva sin verdi som landskapslement synast liten, då elva er lite synleg frå vegar grunna mykje vegetasjon inntil elva.

I det aktuelle utbyggingsområdet, som allereie har vært nytta til landbruk i fleire generasjoner, blir der neppe negative konsekvensar av betydning, og det ble eksempelvis ikkje funnet arter oppført i høye risikoklasser i svartelista (jf. Gederaas mfl. 2012) som kan by på problem når såra frå rørgata gror att.

Kraftverkets inntak vert plassert nedanfor Høgsetfonna. Røyrgatetraseen vil vere synleg i form av veg og lysløype. Vegen kan verte eit bidrag i eit allereie utbygd turløypennettverk i og omkring Omenåsen. Kraftstasjonen vil vere nedanfor fylkesvegen, og kan gjevast ei arkitektonisk utforming i stil med aktiviteten i området. Området er prega av jordbær-åkre, og anna dyrka vekster. Der er også nokre hytteutleige, og ein klatrepark ikkje langt frå stasjonsområdet.

Konsekvensen for SNUP vil bli ingen.

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Der er ikkje påvist automatisk freda kulturminne innanfor prosjektområdet.

I den nasjonale databasen, via kulturminnesok.no, er der ikkje registrert kulturminner innanfor prosjektområdet.

Møre og Romsdal fylkeskommune har kommentert at der skal være nyare kulturminner på austsida ved nedre del av elva – ved utløpet til Valldøla. Dette er gamle grunnmurar frå tidlegare bygg. Der er også tre bygningar oppe ved Gjerda, ein stall, eit fjøs og ei høyløe, mellom lysløypa og Kreksetkrysset. Røyrgatetraseen vil gå utenom desse bygningene.

Konsekvensen for kulturminner vil bli ubetydelige.

3.11 Reindrift

Utgår!

3.12 Jord- og skogressursar

I området øvst i prosjektområdet, ved inntaket, finn ein blandingskog saman med små granplantasjar. Ned langs heile elva finn vi flekkar av små og store granplantasjar, der delar av desse er hogd. Der forventast at hogde flater vekst naturlig til att.

Konsekvensen for jord- og skogressursar vil bli små positive

3.13 Ferskvassressursar

Der er ferskvassuttak til drikkevatn frå Myklebustelva, om lag 440 meter nedanfor planlagt coanda inntak. Ferskvassinntaket vurderast flytta til å være saman med coandainntaket.

Konsekvensen for ferskvassressursar vil bli middels positive.

3.14 Brukarinteresser

Området i inntaksområdet er i dag nytta som beiteområde for småfe, samt at der er turområde, sætrer og hytter. Der er veg heilt fram og forbi planlagt inntak på både sidar av elva.

Der er små og store granplantasjar på både side av elva, og Valldalsbotn er eit frodig område som der er jordbruksinteresser til. Skogbruksinteressane er betydelege.

Om sommaren er sjølv elvestrenge i bruk av elvepadlere. Redusert vassføring i elva om sommaren vil gjere elvestrenge meir brukarvenleg for elvepadlarane, då for stor vassføring normalt sett er for farleg for padling.

Om hausten er der lokale jaktinteressar i dalføret, og utbygginga vil ha liten innverknad på jaktinteressane.

I nedre delar av dalføret, nær Omenosen, er der turløyper og idrettsanlegg. Idrettslaget er interessert i å utvide turløypene sine, og å utvikle meir aktivitet i området om vinteren. Røyrgatetraseen kan bidra med meir enn 760 meter meir lysløype/turløype.

Omenosen er eit bustadsbyggefelt i utvikling. Aust for Omenosen er der eit stort hyttefelt.

Myklebustelva er også drikkevassforsyning for Omenosen og Myklebust, og vassverket er interessert i å betre og sikre drikkevasstilgangen.

Dalføret er elles lite synleg for den ålmente turist eller trafikant, og man legger knapt merke til at man kryssar elva på fylkesveg 63.

Turismeindustrien i Valldalen er interessert i å skape fleire stoppestadar, overnatningsstadar og attraksjonar som kan gje meir aktivitet og busetting.

Konsekvensen for brukarinteresser blir sett på som positive.

3.15 Samfunnsmessige verknadar

Ei utbygging av Myklebust kraft og vassverk vil bidra til å trygge kraftoppdekking både lokalt og regionalt. Anlegget vil trygge drikkevatn og brannvatn for bustadane i området omkring Omenosen

Byggetida for kraftverket er berekna til halvanna år. I denne perioden vil der vere behov for entreprenører og ekspertise for bygging av kraftverket. Noko arbeidskraft vil hentast lokalt, mens noko vert henta frå regionen og utlandet.

Myklebust kraftverk er skattepliktig etter vanlege reglar, og vil såleis bidrege med inntekter til kommunen.

Myklebust kraftverk kan nyttast i undervisningsformål for den lokale skolen, og energien frå kraftverket kan og nyttast til lokal gardsdrift og vidareutvikling av næringsinteresser lokalt, i tillegg til kraftforsyning til regionalnettet.

Konsekvensen for samfunnsmessige verknader vil verte middels positive.

3.16 Kraftliner

Kraftkabelen vil plasserast i grøft fram til nærmeste 22kV line, i eiga grøft. Kabelen vil ikkje verte synleg, og vil ikkje ha påverknad på det lokale dyre- og fuglelivet. Der vil være om lag 25 meter til nærmeste 22kV line.

Konsekvensen for kraftline er små negative.

3.17 Dam og trykkroyr

Vassvegen er planlagd som nedgravd røyrgate, og inntaket vil vere av ein type som ikkje demmar opp store vassmengder. Mellom inntaket og utløpet til Valldøla er der busetnad ved Omenosen, og fylkesveg 63 kryssar vassvegen. Eit brot i inntaket eller røyrgate vil kunne påverke busetnaden eller vegen. Konsekvensane for eit brot i inntaket vurderast difor til små, mens eit brot i nedre delar av vassvegen kan vurderast til negative.

Konsekvensen for inntaksbrot vil bli små negative.

3.18 Ev. alternative utbyggingsløysingar

Andre alternative utbyggingsløysingar er forkasta.

3.19 Samla vurdering

Samanstilling av konsekvensane for dei ulike tema.

Tema	Konsekvens	Søkjar/konsulent vurdering
Vasstemperatur, is og lokalklima	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Ras, flaum og erosjon	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Ferskvassressursar	<i>Middels positiv</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Grunnvatn	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Brukarteresser	<i>Middels positiv</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Raudlisteartar	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Terrestrisk miljø	<i>middels negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Akvatisk miljø	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Landskap	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
SNUP	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Kulturminne og kulturmiljø	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Reindrift	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Jord og skogressursar	<i>liten positiv</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>
Oppsummering	<i>liten negativ</i>	<i>Konsulent/søkjar</i>

3.20 Samla belastning

Heile Valldola med sideelver er eit verna vassdrag, og der er ikkje tillate med vasskraftprosjekt med installert effekt større enn 1 Megawatt. I Valldøla er Hoelsfossen kraftverk i aktiv drift, og der er planlagt og omsøkt nye kraftverk ved Grønningssæter, Illgjølet og Langdalen i tillegg til Myklebustelva.

Myklebustelva vil røre ved ein naturtype, ein fossesprøytzone med C-verdi. Verknaden for fossesprøytsone vert vurdert til å vere liten negativ, fordi reduksjonen i vassføring vert liten.

Ingen av de aktuelle prosjektområda har særleg store verdiar når det gjeld naturtypar, og eit av prosjekta – Høgsetelva, er trekt frå søknadsprosessen.

Dersom alle prosjekta vert realisert vil den sala belastnings for verdifulle naturtypar i nærområdet auke, og da først og fremst for vassdraga knytt til naturtypar med små til middels store verdiar.

I Myklebustelva vart der ikkje påvist laks, men lokal og stasjonær aure vart påvist. Vert alle dei fire prosjekta med anadrome verdiar realisert vil den samla verknaden og belastning for anadrom fisk i vassdraga vere liten.


4 Avbøtande tiltak

Tilpassa slukeevne

Kraftverket er designa til å ha ei lav slukeevne, slik at vassføringa i elva oppretthaldast til ein kvar tid. Omløpsventil er ikkje tilrådd i kraftstasjonen, på grunn av den korte avstanden til Valldøla.

Minstevassføring

Dei valde minstevassføringar er basert på vanlige hydrologiske berekningar og vurderingar av vassmerker frå liknande vassdrag. Dette inkluderer ei forutsatt minstevassføring ved inntaket sommartid på $0,600 \text{ m}^3/\text{s}$, og vinterstid minstevassføring ved inntaket på $0,172 \text{ m}^3/\text{s}$. Myklebustelva ligg skjult av gran- og lauvskog, og har liten betydning for landskapsbiletet.



